



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Smia, Grodås  
**Dato:** 17.09.2020  
**Tid:** 11.00 – 14.40.

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solfrid Førde	Leiar	
Inge Alexander Bruheim	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Inger Gjengedal Håvik	Medlem	
Inghild Remøy	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Pål Ruben Seljeset Tomasgard.	Medlem

Vara som møtte:

Namn
------

Frå Vest Kontroll/ andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon og Vestland Revisjon KO møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor i Søre Sunnmøre kommunerevisjon
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Kommunedirektør. I sakene 30, 31, 32, 33, 34, 35 Og 36. Delvis i sak 37
Sølvi Dimmen	Ordførar. Alle saker med unntak av 28 og 29 Delvis i sak 37
Svein Berg-Rusten	Kommunalsjef Helse og sosial. I sak 33 og 34
Aina Øyehaug Opsvik	Barnevernsleiar. I sak 30
Per Ivar Kongsvik	Kommunalsjef Oppvekst. I sak 30

## **SAKLISTE**

- SAK 26/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 27/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 28/20 MELDINGAR
- SAK 29/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 30/20 TILSYN MED DEN INTERKOMMUNALE BARNEVERNTENESTA FOR HAREID-SANDE-ULSTEIN-VOLDA OG ØRSTA SITT ARBEID MED UNDERSØKINGAR 2020
- SAK 31/20 ØKONOMIRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020
- SAK 32/20 FINANSRAPPORT 1. TERTIAL 2020
- SAK 33/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – VALDSHENDING
- SAK 34/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING
- SAK 35/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – ØKONOMIANALYSE NYE VOLDA KOMMUNE
- SAK 36/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – INTERN KONTROLL
- SAK 37/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	033	01.09.2020	17.09.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Leiaren får fullmakt til å endre saklista slik at dei som møter saman med rådmannen får høve til å gå frå møtet når dei er ferdige.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inge Alexander Bruheim.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	049	01.09.2020	17.09.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 08.05.2020.

### Vedlegg

1. Møteprotokoll frå møta 08.05.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	033&17	01.09.2020	17.09.2020	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Frå avisa Møre 23.05.2020. «Analyse av kommunedrifta: Om de byrjar omstilling tidleg, så slepp de å bruke øks og motorsag».
2. Frå avisa Møre 23.05.2020. «Fylkesmannen i Møre og Romsdal om barnevernet i undersøkingssaker: For dårlege rutinar».
3. Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».
4. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
5. Dokument frå Volda kommune, av 02.06.2020. «Årsmelding 2019 Volda kommune».
6. Dokument frå Volda kommune, av 02.06.2020. «Rekneskap 2019 Volda kommune».
7. Dokument frå Volda kommune, av 02.06.2020. «Forvaltningsprosjekt – Tenesteyting i heimesjukepleia»
8. Dokument frå Volda kommune, av 02.06.2020. «Årsmelding for kontrollutvalet i Volda 2019».

9. Dokument frå Volda kommune, av 02.06.2020. «Årsplan for kontrollutvalet i Volda 2019».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	033&58	08.09.2020	17.09.2020	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -

<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&fradato=2020-01-01T00:00:00> og på [www.vor.no](http://www.vor.no).

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:	24.02	<b>27.04</b>	<b>08.06</b>	<b>31.08</b>		
Eldrerådet:	03.02	<b>11.05</b>				
Formannskapet:	26.03	<b>28.04</b>	<b>04.05</b>	<b>19.05</b>	<b>09.06</b>	<b>18.06</b>
		<b>25.08</b>				
Kommunestyret:	13.02	<b>14.05</b>	<b>28.05</b>	<b>18.06</b>		
Partsamansett utval:		<b>17.06</b>				
Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:	03.02	<b>22.06</b>				
Tenesteutval for forvaltning og utvikling:	31.03	<b>05.05</b>	<b>02.06</b>	<b>01.09</b>		
Tenesteutval for helse og omsorg:	02.04	<b>07.05</b>	<b>04.06</b>			
Tenesteutval for oppvekst og kultur:	17.04	<b>06.05</b>	<b>03.06</b>	<b>02.09</b>		
Ungdomsrådet:	11.03	<b>15.04</b>	<b>13.05</b>	<b>10.06</b>		
Valutval:	13.02	<b>08.05</b>	<b>13.05</b>			
VØR styret:	24.03	<b>09.06</b>	<b>02.07</b>	<b>25.08</b>		
VØR representantskapet:		<b>28.04</b>				

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	099	08.09.2020	17.09.2020	KS

## TILSYN MED DEN INTERKOMMUNALE BARNEVERN TENESTA FOR HAREID-SANDE-ULSTEIN-VOLDA OG ØRSTA SITT ARBEID MED UNDERSØKINGAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

## **I møtet**

Barnevernsleiar Aina Øyehaug Opsvik og Kommunalsjef Oppvekst Per Ivar Kongsvik og kommunedirektør Rune Sjurgard orienterte og svarta på spørsmål.

Det vart stilt spørsmål ved at tilsynsrapportane frå Fylkesmannen er opne dokument før faktaopplysingane er verifiserte av barnevernet.

## **Vedlegg**

1. Brev frå Fylkesmannen. Førebels rapport. Datert 06.05.2020.
2. Brev frå Volda kommune. «Utsett frist på svar til Fylkesmannen». Datert 22.05.2020.
3. Brev frå Fylkesmannen. «Utsett frist på svar til Fylkesmannen». Datert 25.05.2020.
4. Brev frå Volda kommune. «Tilbakemelding på førebels rapport», av 16.06.2020
5. Brev frå Fylkesmannen. «Rapport frå tilsyn med den interkommunale barnevernstenesta for Hareid- Sande- Ulstein- Volda og Ørsta sitt arbeid med undersøkingar 2020», av 02.07.2020.
6. Brev frå Volda kommune. «Rapport frå tilsyn med den interkommunale barnevernstenesta for Hareid- Sande- Ulstein- Volda og Ørsta sitt arbeid med undersøkingar 2020», av 22.07.2020

## **Saksopplysning**

Fylkesmannen har utført tilsyn med den interkommunale barnevernstenesta for Hareid- Sande- Ulstein- Volda og Ørsta. Dei besøkte Volda kommune 25.-27. februar 2020, der dei undersøkte om barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingane av barnevernssakene er forsvarleg og i samsvar med dei aktuelle lovkrava, slik at barn får trygge og gode tenester. Tilsynet er gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

## **Fylkesmannens konklusjon:**

«Tilsynet avdekte manglar i planlegging, gjennomføring og avslutning av undersøkingane og i barnevernstenesta sin dokumentasjonen av arbeidet med undersøkingane. Dette er i strid med kravet til forsvarlege tenester i barnevernlova § 1-4.

Kommunen skal rette manglane og kontrollere at praksis i tenesta er endra. Kommunen skal gje tilbakemelding om dette innan den 01.03.2020.»

## **Konklusjon:**

«Tilsynet har både avdekt at undersøkinga av enkelte saker er gjort meir omfattande enn nødvendig og at alvorlege forhold og kompliserte samanhengar i andre saker ikkje er undersøkt. Det er ikkje alltid vurdert kva slags konsekvensar opplysningar som har kome fram i undersøkinga har for barna. Det er da vanskeleg å treffe vedtak om tiltak som kan avhjelpe vanskane. Dette kan ha ført til at barn ikkje har fått rett hjelp i samsvar med reglane i barnevernlova. Undersøkingane er dermed ikkje forsvarlege og i strid med bvl. § 1-4.»

«Tilsynet har avdekt manglar i dokumentasjonen både av meldingsgjennomgangen, det faktiske arbeidet med undersøkingane og av tenesta sine fortløpande vurderingar og konklusjonar. Dette er både i strid med god forvaltningsskikk og internkontrollforskrifta».

*Sjå punkt 5. Side 10 for meir informasjon.*

## Oppfølging av lovbrøt:

(Sjå punkt 6. Side 11 for meir informasjon).

Tilsynet har avdekt praksis som er i strid med barnevernlova og må rettast før tilsynet kan avsluttast.

Fylkesmannen ber om at de i minst 20 av sakene særlig undersøker følgjande faktorar:

- Den første gjennomgangen av meldinga gjev føringar for kva som skal undersøkasr
- Det er laga konkrete planar for undersøkinga som er i samsvar med innhaldet i meldinga
- Det er innhenta informasjon i samsvar med regelverket
- Alle forhold som er teke opp i meldinga er undersøkt
- Undersøkinga er avslutta med ei konkret og individuell vurdering av alle tilhøva som er kome frå i saka
- Undersøkinga slår fast kva som er barnet sitt beste og dette er vurdert opp i mot andre omsyn i saka
- Det er logisk samanheng mellom tiltaket som blir foreslått og konklusjonen i undersøkinga
- Arbeidet i alle fasar av saka er tilstrekkeleg dokumentert

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen sin kontroll innan 01.03.2020

Viser til rapporten for meir informasjon, sjå vedlegg 5.

Kommunedirektøren orienterer og svarer på spørsmål i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	212	08.09.2020	17.09.2020	JSa

## ØKONOMIRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tertialrapportering for 1.tertial 2020 til vitende.

### I møtet

Kommunedirektør Rune Sjurgard orienterte kort der han også refererte frå siste månadsrapportering.

### Vedlegg

1. Økonomirapport 1.tertial 2020. Saksframlegg datert 02.06. til kommunestyresak 63/20 18.06.2020
2. Statusrapport prosjekt og plan, mai 2020
3. Notat av 10.06.20 om fordeling av tilskot til arbeid og aktivitet i kommunane
4. Økonomirapport Korona pr. 15. juni, datert 17.06.2020

### Saksopplysning:

1. Som alle andre kommunar har Volda større utgifter pga. korona-pandemien. Koronakostnadar i 1. tertial er ca. 6,99 mill. innan helse og omsorg. Kr 2,1 mill. innan oppvekst. Det er forventa at dette blir dekkka av staten.

2. Økonomien blir krevjande framover. Drifta må reduserast. Inntektene er meir usikre enn vanleg pga. koronasituasjonen.
3. Kommunedirektøren har fått fullmakt til å sette i gang prosess med nedbemanning, for å oppnå samanslåingsgevinstar og innsparingar.
4. Viser til bevillingsoversikt – drift 1. tertial i vedlegg 1 med oppstilling over rekneskap og budsjett pr. 30.4.20, årsbudsjett og nytt justert budsjett. Godt samsvar mellom rekneskap pr. april og budsjettet.
5. Sjukefråværet er på 10,24% i 1. tertial. Dette er høgere enn i gamle Volda Kommune og mykje høgere enn i tidlegare Hornindal Kommune som lenge har hatt svært lavt sjukefråvær.  
Det er helse og omsorg, oppvekst og samfunnsutvikling som har det høgste sjukefråværet.
6. Informasjon og involvering er viktig i den innsparing/nedbemannings situasjonen ein er i. Det er planlagt å halde folkemøte etter formannskapsmøtet 24.11.2020 for å informere om dei planlagde innsparingane.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	212	09.09.2020	17.09.2020	JSa

## FINANSRAPPORT 1. TERTIAL 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Finansrapporten for 1. tertial 2020 til vitende.

### Vedlegg

1. Saksframlegg til kommunestyresak 64/20 Finansrapport 1. tertial 2020, datert 02.06.2020
2. Finansrapport 1. tertial 2020, frå Bergen Capital Management, datert 06.05.2020
3. Månadsrapport april frå Storebrand
4. Avkastningsrapport frå Odin Forvaltning

### Saksutgreiing

- Finansforvaltninga til kommunen er delt mellom forvaltning av kommunen si lånegjeld og forvaltninga av ledig likviditet.
- Lånegjelda er på kr 1,5 milliard og er forvalta av Bergen Capital Management (BCM).
- Ledig likviditet i form av bankinnskott, rente- og aksjefond er pr. 30. april på ca kr. 336 mill.
- Etter negativ avkastning ved utbreiing av koronapandemien er avkastninga på plasseringane no positiv igjen.
- Den økonomiske utviklinga er prega av:
  - ✓ økonomisk verdskrise som følgje av covid-19
  - ✓ oljeprisfall
  - ✓ rekordlav rente, Norges Bank si styringsrente på 0
  - ✓ svak krone fører til høgere prisar på importerte varer

Etter fall i mars/april er mange marknader i ferd med å normalisere seg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	033	19.08.2020	17.09.2020	KS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – VALDSHENDING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin orientering til vitende.

### I møtet

Kommunalsjef Helse og omsorg Svein Berg Rusten orienterte og svara på spørsmål. Kommunedirektør Rune Sjurgard gav supplerande informasjon.

### Vedlegg

1. Dokument, av 22.06.2020. «Oppfølging av tilsyn – Volda kommune org.nr.939760946.
2. E-post, av 15.07.2020. «Kvittering Oppfølging av varsel om tilsyn, saksnr 2020/29676».
3. Dokument, av 30.07.2020. «Oppfølging av tilsyn – Volda kommune org.nr.939760946.
4. E-post, av 04.08.2020. «Gjeld sak 20/29676».
5. E-post, av 06.08.2020 «20/2396-7 Sladda versjon av varsel til Arbeidstilsynet».
  1. Skildring av hendinga – sladd.
  2. Risikoanalyse frå 2017, 2018 og 2019 – sladd.
  3. Korrespondanse om ROS-analyse 2020 – sladd.
  4. Rutinar for varsel, vald og trugslar.
  5. Årshjul 2018, 2019 og 2020.
  6. Prosedyre ved heimebesøk.
  7. Rutinar ved bruk av alarm - sladd.
  8. Brev frå Arbeidstilsynet – sladd.
  9. Rutine for handtering av vald og trugslar.
  10. Korrespondanse med Hovudverneombod – sladd.
  - Sladda versjon av varsel til Arbeidstilsynet.
6. E-post, av 18.08.2020. «Dokumentasjon om valdshending til kontrollutvalsmøte 18.09».

### Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å orientere og svare på spørsmål i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	217	03.09.2020	17.09.2020	KS

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

### I møtet

Kommunalsjef Svein Berg-Rusten orienterte kort vedkomande tilbakemeldinga og svara på spørsmål.



## **Vedlegg**

1. Samandrag i rapporten – Tenesteyting i heimesjukepleia, av 01.10.2019.
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren, av 27.08.2020.

## **Saksopplysning**

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

## **Vedtak for prosjektet**

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 09/19 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til heimetenester, avgrensa til heimesjukepleie og tryggleiksalarm.

Målsettinga for prosjektet var å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Kontrollutvalet ønsket også ein kontroll av sakshandsamingstida i høve tryggleiksalarm.

## **Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteyting i heimesjukepleia – Volda kommune, datert 01.10.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 05/20, og vidare i kommunestyret 28.05.2020 i sak 42/20 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i
2. heimesjukepleia, Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 01.10.2019).
3. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut førebels svar i dei saker som krev ei sakshandsamingstid på over ein månad.
  2. Kommune må få på plass felles rutinar i høve oppfølging og re-vurdering av enkeltvedtak ved endra tenester.
  3. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skrifteleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar. Dette gjeld både vedtak i høve heimesjukepleie og tryggleiksalarm.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **18.05.2020**.

## **Tilbakemelding frå kommunedirektøren, av 27.08.2020.**

Sjå vedlegg 2.

## **Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 03.09.2020.**

Ut i frå tilbakemeldinga til administrasjonen har kommunen rutinar for å sikre anbefalingane som gjekk fram av rapporten.

Ein eventuell etterkontroll vil kunne avdekke om praksis er tilfredstillande.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
35/20	033	08.09.2020	17.09.2020	KS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – ØKONOMIANALYSE NYE VOLDA KOMMUNE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin orientering til vitande.

### I møtet

Kommunedirektør Rune Sjugard orienterte/forklara frå analysen utarbeida av KS konsulent og svara på spørsmål.

### Vedlegg

Rapport: Økonomianalyse – Nye Volda kommune.

### Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å orientere i møtet.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
36/20	033	31.08.2020	17.09.2020	JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – INTERN KONTROLL

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin orientering til vitende.

### I møtet

Kommunedirektøren orienterte og svara på spørsmål.

### Vedlegg

- Lineansvar.

### Saksopplysningar

Ein viser til Kommunelova § 25 Intern kontroll

«§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

## § 25-2. Rapportering til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og statlig tilsyn

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Vi viser til vedlegget.

Kommunedirektøren orienterer og svarer på spørsmål i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	217	31.08.2020	18.09.2020	JS

### PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

#### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
  - Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg.
  - Forvaltning av inventar og utstyr
  - Mobbing
  - Området barnevern.
  - Økonomistyring og budsjettoppfølging
  - Oppfølging av GDPR
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

#### I møtet

Forvaltningsrevisor orienterte frå Overordna analyse og Risikovurdering. Innspel frå kommunedirektøren tek kontrollutvalet med seg i prioriteringa. Sekretariatet gav nokre formelle avklaringar i høve til innstillinga og at eventuell forvaltningsrevisjon for selskap må prioriterast i planen for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet vil gjere merksam på at dei vil spisse utføringa på prosjekta ved bestilling og behandling av prosjektplan for enkelte prosjekt.

Ordførar og kommunedirektør gikk frå møtet og saka kl. 13.45 grunna møte i kommunestyret kl. 14.00.

Kontrollutvalet såg det ikkje nødvendig å avslutte møtet og behandling av saka, då vedkomande, som er medlem i kontrollutvalet og kommunestyrerepresentant ikkje møtte.

#### Vedlegg

1. Overordna analyse, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
2. Risikovurdering, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
  1. Risikovurdering Kommunedirektør.

2. Risikovurdering Samfunnsutvikling
3. Risikovurdering Oppvekst
4. Risikovurdering Helse og omsorg

## **Saksopplysningar**

### Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målnnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

### Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utareide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen

### Risiko- vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

I avtalen kontrollutvalet har med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS går det fram at dei skal utarbeide overordna analyse og risikovurdering. Desse er lagt ved saka.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentleg selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

### Koordinering i utføring av prosjekt

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

### Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av prosjektplan avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

### Selskap

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen. Sjå overordna analyse pkt. 7 frå side 37.

## Prosjekt som er utfør siste åra – frå Risikovurdering side 25

2013: Økonomistyring og budsjettoppfølging

2014: Innkjøp

2015: Spesialundervisning i grunnskulen

2016: Barnevern

2017: Tidleg innsats – Barnehage og Skule

2018: Sjølvkost Vatn og avløp

2019: Tenesteyting heimesjukepleie

2019: VØR IKS – Etterleving av sjølvkostprinsippet

## Aktuelle forvaltningsprosjekt

Ut frå dokumenta Overordna analyse og Risikovurdering peikar revisjonen på flg. aktuelle prosjekt (Ikke prioritert rekkefølge). Jf. Risikovurdering pkt 2 side 25:

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta er utarbeida med bakgrunn overordna analysen, risikovurderinga og Kommunedirektøren si tilbakemelding. Dei aktuelle prosjekta er inndelt etter eining/område:

### **Sentraladministrasjon**

- Avvik / avvikshandtering (eining/sector)
- Etikk/ Varsling
- Arkiv
- Journalføring/innsyn

### **Økonomi:**

- Økonomistyring og budsjettoppfølging (oppfølgingsprosjekt?)
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa
- Innkjøp (eining/sector) (oppfølgingsprosjekt?)

### **Teknisk**

- Sjølvkost vatn og avløp (oppfølgingsprosjekt?)
- Gebysatsar VA
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt?)
- Forvaltning av inventar og utstyr.
- Beredskap (ROS-analyse og beredskapsplan)

### **Oppvekst**

- Barnehagetilskot
- Kvalitet i barnehagen (kompetanse, bemanning)
- Avvik / avvikshandtering (barnehage eller skule)
- Spesialundervisning
- Mobbing
- Barnevern (oppfølgingsprosjekt?)
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PPT
- Sakshandsamingstid PPT

### **NAV/Økonomisk sosialhjelp**

- Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp

- Aktivitetsplikt

### **Helse/ Pleie og Omsorg**

- Kvalitet/avviksrapportering
- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (teneste/område?)

### Plan for eigarskapskontroll

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Jf. kommunelova § 23-4.

Før denne saka vert lagt fram er det viktig at kommunen har vedteke sin plan for eigarskapsstyring. Jf. kommunelova § 26-1.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak for eigarskapskontroll.

**Det vert elles vist til dokumenta Overordna analyse** (vedlegg 1 til saka) og **Risikovurdering** (vedlegg 2 til saka), samt Tilleggsvedlegga til risikovurderinga 1 til 4.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge: 26-27-30-33-31-32-36-35-34-37-28-29

**Møtet slutt.**

Solfrid Førde  
Leiar

Inge Alexander Bruheim  
Nestleiar

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**  
**Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**